

SAMTIDSKUNST I JÆREN MEIERI 26.1. – 17.3. 2024

ELISE STORSVEEN, KINE LILLESTRØM OG TROND HUGO HAUGEN

G - SANNING TVIL

OPNINGSORD VED ØYVIND NORDSLETTEN

Kjære forsamling;

I går kveld hørde mange av oss eit foredrag av nasjonalbibliotekaren om «Min Garborg». Seint vil vi gløyma det. Nå er vi her i det som for meg er litt «Mitt meieri».

For 60 – 70 år sidan kjøpte vi melk her. Den auste dei opp i spann som vi hadde med oss. Både i sumarferiane og i helgene om vinteren arbeidde eg på denne tid ofte som dreng på gardar. Dette var lenge før tankbilen dukka opp, så vi kørde melka til Meieriet på Bryne sjølv. Til vanleg var det med traktor, men på sundagane sala eg opp den eine hesten som var att, spente føre kjerra og kørde til Bryne.

Her nede på meieriet sette vi spanna opp på eit transportband som førde dei inn til Ottar og Njål i tøminga. Dei sende dei tome spanna ut igjen så hesten og eg kunne ta fatt på heimvegen. Då la han ut og sprang spontant fort av eigen vilje - han ville heim. Og meir enn den lett kildrande kjensla det ga når Svarten akselererte, skulle det ikkje til for at eg berre måtte stemma i ein song frå musicalen Oklahoma som då var populær - «Å for ein strålande morgon, å for ein strålande dag, lukka og eg er i lag».

Meieriet vart, kort sagt, ein stad som eg for all tid skulle koma til å forbinda med noko fint, med melk og honning og dyr og flinke folk, med noko som ga meining og glede.

Meieriet vart nedlagd for ein mannsalder sidan, men bygningen står der, har fått vernestatus og ventar på nytt innhald. I dag fyller tre framståande, norske kunstnarar - ELISE STORSVEEN, KINE LILLESTRØM OG TROND HUGO HAUGEN - dette store romet på over eit mål med si skaparkraft og sine uttrykk i stoff og substans som svar på det store spørsmålet om kva sanning og tvil er, eller - trur eg det er rettare å seia - kva sanning og tvil *kan vera*. Og igjen - om enn på anna vis - assosierer eg Meieriet med noko fint, med noko tankevekkande.

Så kan ein sjølv sagt spørja - kan kunsten fortelja oss kva sanning og tvil er, kan vi sjå føre oss sanning og tvil i støypt, i materialisert fysisk form ? Men det er desse evige, eksistensielle tema Elise, Kine og Trond Hugo gjennom sine kunstverk inviterer oss til å grunna over. Det har oppteke kunstnarar, vismenn og folk flest i tusenvis av år, tenk berre på Gaugins berømte maleri frå Tahiti - «*D'ou venons nous ? Que sommes nous ? Où allons nous ?*» / «Kor kjem vi frå ? Kva er vi ? Kor går vi ?» Ja, det går vel kanskje an å seia at det var fyrst då våre forfedre byrja reflektera omkring begrep som sanning, rett og gale, vondt og godt, at dei fullt utkunne kallast menneske.

Ingen av dei tre kunstnarane har sikkert nokon illusjon om at dei har funne svaret med stor S på kva sanning og tvil er. Det finst heller ikkje noko enkelt svar, sanninga er polyfon, har mange røyster, eller som Arne Garborg konstaterte allereide i ein alder av 21 år: «Sannhet er et prisme, med uendelig mange sideflater».

Men det er ei grense for alt. I dag har det i enkelte kretsar vorte populært å operera med såkalla alternative fakta og sanningar. Ja, mykje kan relativiserast, men aksepterer du slike lettvinde talemåtar, kjem du raskt til landet der lygn og falske profetar rår.

For nokre år sidan gjekk eg ei veker tid som ein slags pilgrim i Tyskland saman med ein ven. Han vandra heile vegen frå heimen i Oslo til St. Petersplassen i Roma, det tok han fire og ein halv månad. Ein stad i Bayern gjekk vi på messe i ei katolsk kyrkje. Der tala ein ung prest. Han sa noko eg la meg på sinne der og då: «*Die Wahrheit ist symphonisch und mit Schönheit eng verbunden*» / «Sanninga er symfonisk, har mange røyster, og er nær knytt til venleik /sanninga har med det vakre og uttrykksfulle å gjera». Eg ser kunstverka til Kine, Elise og Trond Hugo som talande eksempel på nettopp denne samanhengen mellom kunst og sanning.

Og denne presten er langt frå den einaste som har peika på dette slektskapet. Den store filosofen, Platon, meinte endåtil at kunst kunne vera farleg for staten og samfunnsorden fordi – som det heiter – «*art stirs the hearts of the humans*» - kunsten rører ved menneskets hjarta. Og slik har det vel alltid vore, at ei av dei viktigaste oppgåvene kunsten har hatt, og har, er nettopp *to stir the hearts* / røra ved våre hjarto og setja spørsmålsteikn ved nedervde sanningar og etablerte konvensjonar.

Difor er kunstverk ennå mange stader ikkje berre kontroversielle, men sett på som noko farleg og destruktivt, noko som må forbys. For to dagar sidan fortalde Alfred Fidjestøl på eit anna fint arrangement under Garborg dagane 2024, at i 1913, då Det Norske Teateret takka vere Hulda Garborg kunne opna - og det med Jeppe på Bierget omsett til landsmaal av G, altså mannen Ådne - demonstrerte opp mot 20.000 Oslo borgarar mot denne nye formen for teaterkunst og mot at skodespelarane ikkje snakka dansk – norsk, men norsk-norsk. I dag er Det Norske Teater Noregs mest vitale og nyskapande teaterscene. Uansett - så bra då at Noreg har sett ut i livet ordningar som gjer det mogleg for forfylgde kunstnarar å få opphald her i landet, slik som f.e. fribyen i Stavanger.

Men kva med tvilen ? Vel, som skuggen alltid vil vera med deg, er tvilen sanningas permanente fylgjesvenn. Utan vilje og evne til å tvila og stilla spørsmål, stagnerer vi og slår oss til ro med at slik var det, og slik vil det alltid vera. Og sjølv om vi alltid vil og skal søkja etter dei *endelege* svar og *evige* sanningar, bør vi vera på vakt mot dei som seier dei har funne dei. Sjå alltid kva som finst bak neste blåne ! Kanskje er det helst slik som Karin Boye sa: «*Nog fins det mål och mening i vår färd – men det är vägen som är mödan värd*». Leit, som det skrive står, og du skal finna !

G var heile livet ein tvilar og sanningssøklar. Det skuldast ikkje minst dei kår han vaks opp under, der kva som var sant og rett var skrive i stein, og konsekvensane av å tru og meina noko anna, dramatiske. Livet hans er ein kamp for å koma laus frå denne arven, ikkje berre

på det personlege plan, men for å skapa eit friare og betre samfunn for alle. Han er ein frigjerar.

Ja, han er òg mannen og naturmystikaren bak eit av høgdepunktene i norsk poesi – «Det stig av hav ...» - men likevel mest av alt var han ein nybrottsmann og radikal i ord og gjerning. Romantisering og *l'art pour l'art* / kunst for kunstens eiga skuld, var ikkje noko for han.

Difor ville han heilt sikkert ha likt å vera her i dette romet - han ville ikkje ha sakna det skinande overlyset i dei store galleri - men sansa det røffe, uferdige lokalet, låge taket og kunstverka som fyller det og talar til deg. Garborg var òg estetikar og gledde seg over det vakre – kven gjer ikkje det ? – men meir enn noko var det for han om å gjera at kunsten, enten det nå var litteraturen eller biletkunsten, makta å gå inn i si tid og inspirera oss til å tenkja - slik Elise Storsveen, Kine Lillestrøm og Trond Hugo Haugen gjer.

Garborg stod i stormen i si samtid. Men det han slåst for, og dei verdiar han fremja, er like aktuelle å kjempa for i dag. Ikkje berre er «Fred» tittelen på eit av hans hovudverk, men han var ein fredsforkjempar i vidaste forstand. I dag når krig herjar på slettene sør i Europa, og himmelen over Betlehem ikkje berre vert opplyst av leiarstjerna, men av fosfor og eksploderande granatar, kan vi igjen lytta til hans store dikt - «Strid for fred».

«Me lever midt i ei villmannstid, med blinkande knivar og nevestrid; og livet er som ein bloddraum. Men vita skal me og vone visst, at ånd må vinne på troll til sist, og vit på den varge villskap».

Ja, la oss tru det !

Ein av dei tilsette her i meieriet var Ottar Fosse. Han tømde dei 40 liter tunge melkespanna og arbeidde elles i ostelageret - for alt eg veit i dette romet. Han er ein gamal mann, men lever ennå. I tillegg til å snu osten var han perlefiskar, ja, ein av dei beste til å finna perler i elvemuslingane i ånå ikkje langt frå der han budde, og vi nå bur - tre - fire kilometer sør for her.

Dei blanke, perfekt runde, lett rosa perlene som han selde til gullsmeden, byrjar sitt liv som eit lite irritasjonsmoment som smått om senn blir omslutta av perlemor og forvandla til eit under. Kan ikkje dette òg vera som eit symbol på samspelet mellom kunst og sanning - på korleis det nye og uprøvde, det som fyrst møter motbør, kan bera oss framover til noko større, noko sannare, lysare og betre ?

Til slutt: Far min, Ola Nordsletten, måla heile livet i pastellfargar. Han var amatør, og sjølv om han kom frå ein fjellgard opp mot tregrensa i Lesja øverst i Gudbrandsdalen, var motivet helst jærlandskapet, gjerne myr, det som det nå nestan ikkje er noko att av.

Ein kveld for snart 70 år sidan, i 1955, kom han heim og sa: «I dag er det hendt noko gledeleg på Bryne. Det er skipa ei Kunstforening !» Og så teikna han den klokkelynge som enno pryder foreninga sitt emblem.

For min del vil eg seia:

«I dag er det hendt noko gledeleg på Bryne. Det er opna ei kunstutstilling i Meieriet».

«Gå og sjå ! Rikare vil du då gå herfrå ! »

Mange takk.

